KVINNHERAD
KOMMUNE

KONKURRANSEGRUNNLAG

Open tilbodskonkurranse
etter FOA del I og II

for anskaffing av
P-5158

Avløpssanering Røssland - Kaldestad

Entreprise E5 - Grunn- og ledningsarbeider delområde D

Generalentreprisegrunnlag

INNHALD:

1 GENERELL SKILDRING 3
1.1 Om oppdragsgjevar 3
1.2 Skildring av oppdragsgjevar sine behov 3
1.3 Viktige datoar 4
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN 5
2.1 Dokument som inngår i konkurransegrunnlaget 5
2.2 Prosedyre 5
2.3 Offentlegheit og teieplikt 5
2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar 5
2.5 Avlysing av konkurransen og totalforkastelse 6
2.6 Oppdragsgjevars atterhald 6
3 TILBODSUTFORMING OG LEVERING 7
3.1 Innlevering av tilbod 7
3.2 Tilbodet si utforming 7
3.3 Kostnadar for utarbeiding av tilbod 7
3.4 Vedståingsfrist 7
4 DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD) 8
4.1 Generelt om ESPD 8
4.2 Nasjonale avvisingsgrunnar 8
4.3 Samla erklæring for alle kvalifikasjonskrav i ESPD skjemaet 8
5 KONTRAKTSVILKÅR 8
6 SPESIELLE KONTRAKTSVILKÅR 8
7 KVALIFIKASJONSKRAV 10
7.1 Generelt 10
7.2 Skatteattest 10
7.3 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling 10
7.4 Leverandøren si økonomiske og finansielle stilling 11
7.5 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar 12
7.6 Kvalitet 13
8 TILDELINGSKRITERIUM 13
8.1 Overordna 13
8.2 Nærare om kriteria pris og prosjektorganisasjon 14
9 VEDERLAG 15
9.1 Valuta 15
9.2 Meirverdiavgift 15
9.3 Gjennomføring av prosjektet 15
9.4 Pris 15
9.5 Prisskjema 16
9.6 Timeprisar for eventuelle tilleggsarbeid, mannskap og maskiner 16
9.7 Påslag materialprisar 18
9.8 Samletabell prosjektkostnader 19
9.9 Løns- og prisstiging 19
9.10 Tilbydar si underskrift og stempel 19

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Om oppdragsgjevar

Kvinnherad kommune er oppdragsgjevar for denne anskaffinga.

Oppdragsgjevar sin kontaktperson for konkurransen er:

Namn: Per Inge Naterstad
E-post: per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg via KGV.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgjevar kva gjeld anbodskonkurransen enn nemnte kontaktperson.

1.2 Skildring av oppdragsgjevar sine behov

Dette arbeidet gjeld sanering av eksisterande utslepp for overføring til reinseanlegg som er etablert i tidlegare entreprise. Samstundes skal delar ev eksisterande VA-anlegg oppgraderast.

Lokalisering:
Anlegga er lokalisert på Husnes i Kvinnherad kommune.

Anleggsområdet fremgår av oversiktskart, teikning 5133824-800. Denne entreprisen omfattar anleggsområda som ligg under **delområde D**, medan delområde A - C er etablerte tidlegare.

Figur 1. Lokalisering av anleggsområde med avkjørsel frå Kaldestadvegen (utsnitt fra Norgeskart.no).

1.3 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsramme for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Kunngjering	04.05.2026
Tilbodssynfaring	11.05.2026 kl.10:00
Frist for å stilla spørsmål til konkurransegrunnlaget	5 dagar før tilbodsfrist
Tilbodsfrist	01.06.2026 kl.12:00
Evaluering	02.06 – 11.06
Val av leverandør og melding til leverandørar	Veke 24
Karensperiode	10 dagar
Kontraktsinngåing	Ca. 26.06.2026
Tilbodet skal gjelde til (vedståingsfrist)	3 mnd.
Ferdigstilling av anlegget	28.02.2027

Det vert gjort merksam på at tidspunkt etter opning av tilboda er foreløpige og kan bli justert. Ei eventuell forlenging av tilbodet sin vedståingsfrist kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Dokument som inngår i konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget består av dette dokumentet og følgjande vedlegg:
Vedlegg 1 – P 5158 Entreprise E5 – Grunn- og ledningsarbeider delområde D - BOK 0
Vedlegg 2 – P 5158 Mengdebeskrivelse NS3420
Vedlegg 3 – P 5158 Tegningshefte – Anbudstegninger
Vedlegg 4 – P 5158 SHA-plan
Vedlegg 5 – Eigenvurdering lønns- og arbeidsvilkår

2.2 Prosedyre

Anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Konkurransen utførast etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgjevar planleggar å velje tilbod på bakgrunn av ei vurdering av tilboda slik dei føreligg ved utløp av tilbodsfrist. Dialog i form av avklaringar eller korrigeringar vil bli gjennomført i høve til dei behov som eventuelt oppstår.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar etter at tilboda er mottatt vurderer dette som føremålstenleg. Val av kven det eventuelt skal forhandlast med vil i så fall skje etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det vert presiserert at ingen av leverandørane kan forvente å få forhandle om sitt tilbod og derfor må levere sitt beste tilbod.

2.3 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytt til ei offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og denne sine tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningstilhøve det vil være av konkurransemessige omsyn å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga på Doffin.no.

Dersom leverandøren finner at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgjevar ved oppdragsgjevar sin kontaktperson.

Dersom det vert oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette vert formidla skriftleg til oppdragsgjevar sin kontaktperson.

Spørsmål og meldingar til oppdragsgjevar om konkurransegrunnlaget bør sendast inn i god tid før tilbodsfristen.

2.5 Avlysing av konkurransen og totalforkastelse

Oppdragsgjevar kan avlyse konkurransen eller forkaste alle tilbod dersom det føreligger sakleg grunn for det.

2.6 Oppdragsgjevars atterhald

Oppdragsgjevar tar uttrykkeleg atterhald om at politiske myndigheiter i Kvinnherad kommune kan komme til å vedta at prosjektet ikkje skal realiserast. Det kan også oppstå ein situasjon der innkomne tilbod overstige vedtekne økonomiske rammer for anskaffinga. Dersom det oppstår ein slik situasjon der det ikkje er politisk fleirtal for realisering, eller kostnadsramma overskridast, kan oppdragsgjevar avlyse konkurransen utan at dette medfører erstatningsplikt overfor tilbydarane i konkurransen.

Ein tek atterhald om sakshandsamingstid for å få byggjeløyve. Tidspunkt for oppstart kan bli flytta på grunn av sakshandsamingstida, dette vil ikkje gje grunnlag for økonomisk kompensasjon.

3 TILBODSUTFORMING OG LEVERING

3.1 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast elektronisk via EU-Supply portalen KGV light innan **tilbodsfristen.** Nettstaden er: www.kgvlight.com For seint innkomne tilbod vil verta avvist. Systemet tillater heller ikkje å senda inn tilbod elektronisk via EU-Supply etter at tilbodsfristen er ute. Tilbod skal ikkje leverast/sendast inn på papir eller på andre måtar enn slik som er nemnt ovanfor.

Dersom du ikkje er brukar hos EU-Supply, eller har spørsmål til funksjonalitet i verktøyet, til dømes korleis du skal levere tilbod, ta kontakt med EU-Supply brukarstøtte på tlf. 23 96 00 10 eller på e-post til kgv@eu-supply.com
Dette for at all kommunikasjon skal loggførast.

Me anbefaler at tilbodet vert levert i god tid før tilbodsfristen er ute. Skulle det komma tilleggsinformasjon frå oppdragsgjevar som fører til at du ønskjer å endre tilbodet ditt, kan du gå inn og opne tilbodet, gjere ev. endringar og levera på nytt heilt til tilbodsfristen er ute.

3.2 Tilbodet si utforming

Det blir bedd om at tilbodet blir utforma i samsvar med den disposisjonen som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt blir svarte på / belyste og dokumenterte i tilbodet.

Tilbodet skal leverast inndelt i filer i denne rekkefølgja:

1. Signert og utfylt tilbodsbrev
2. Framdriftsplan
3. Gjennomføringsplan
4. Eigenerklæring om at leverandøren oppfyller alle kvalifikasjonskrav for deltaking i konkurransen- utfylt ESPD
5. Dokumentasjon knytt til kvalifikasjonskrav om registrering
6. Dokumentasjon knytt til kvalifikasjonskrav om økonomisk og finansiell stilling
7. Dokumentasjon knytt til kvalifikasjonskrav om tekniske og faglege kvalifikasjonar
8. Utfylt prisskjema/mengdebeskriving
9. Eventuell annan dokumentasjon etterspurt i samband med tildelingskriteria

3.3 Kostnadar for utarbeiding av tilbod

Tilbydar bærer sjølve alle kostnadar relatert til utarbeiding av tilbod og deltaking i konkuransen.

3.4 Vedståingsfrist

Leverandøren må stå ved sitt tilbod fram til tidspunktet som er opplyst i pkt. 1.3 ovanfor.

4 DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)

4.1 Generelt om ESPD

Som foreløpig dokumentasjon på at kvalifikasjonskrav er oppfylt, at det ikkje ligg føre grunnar for avvising og eventuelt oppfylling av utvalskriterier skal leverandøren fylle ut ESPD skjema. Skjemaet skal leverast saman med anbodet. Den leverandøren som blir innstilt til kontraktsinngåing må før kontrakt vert inngått dokumentere at kvalifikasjonskrav er oppfylt i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrav.

4.2 Nasjonale avvisingsgrunnar

Etter ESPD del III: Avvisingsgrunnar, seksjon D: «*Andre avvisningsgrunner som er fastsett i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgivarens medlemsstat*» De norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avvisingsgrunnane gjeve i EUs direktiv om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det vert derfor presisert at i denne konkurransen gjeld og alle avvisingsgrunnane i FOA § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnar.

Følgjande av avvisingsgrunnar i FOA§ 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2(2). I denne bestemmelsen er det angitt at oppdragsgjevar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedteke eit førelegg for dei angjevne straffbare tilhøva. Kravet til at oppdragsgjevar skal avvise leverandørar som har vedteke førelegg for de angjevne straffbare tilhøva er eit særnorsk krav.
- 24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om leverandøren sin yrkesmessige integritet.

4.3 Samla erklæring for alle kvalifikasjonskrav i ESPD skjemaet

I denne konkurransen kan leverandørane i ESPD skjemaet gje ei samla erklæring om at han oppfyller alle kvalifikasjonskrava som i dette konkurransegrunnlaget. Dette vert gjort i ESPD skjemaets del IV seksjon a.

5 KONTRAKTSVILKÅR

Prosjektet skal gjennomførast som generalentreprise iht. NS8406, og entreprenøren skal levera eit komplett prosjekt basert på dette.

6 SPESIELLE KONTRAKTSVILKÅR

Kommunikasjon:

Med mindre anna er avtalt, skal all skriftleg korrespondanse i prosjektet føregå på norsk. Munnleg kommunikasjon mellom byggherren og nøkkelpersonar i prosjektet skal føregå på norsk. Entreprenøren plikter for øvrig å sørgje for at alle personar som arbeidar på prosjektet har gode språkferdigheiter og er i stand til å kommunisera med både byggherrens personell og andre.

Mengd ledd i leverandørkjeda:
Leverandøren kan ikkje, utan byggherrens skriftlege samtykke, ha fleire enn to ledd underentreprenørar i kjeda under seg. Begrensning i mengd ledd gjeld kunn for arbeide som er knytt til utførelse av byggje- og anleggsarbeidar.

Bruk av bemanningsselskap skal varslast byggherren og er underlagt arbeidsmiljøloven, herunder krav om likebehandling i § 14-12a. Byggherren kan berre nekte bruk der han har sakleg grunn.

Entreprenøren skal gje opp kontaktopplysningar til underleverandørar som har kontrakt direkte med leverandør, og opplysningar om kven som har signaturrett for desse. Entreprenøren har plikt til å informere om endringar i slike opplysningar i kontraktsperioden, inkludert opplysningar om nye underleverandørar.

Ved brot på denne bestemmelsen vil Byggherren ilegga ei bot på 10 % av kontraktsverdien av det eller dei oppdrag som utførast i fleire ledd enn det som er tillat, men ikkje mindre enn NOK 25 000 per tilfelle. Dersom forhold ikkje vert retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå byggherren vil Byggherren ha rett til å heve kontrakten.

Lønns- og arbeidsvilkår:
Entreprenøren skal sørgje for at tilsette i eigen organisasjon og tilsette hos kontraktsmedhjelperar som direkte medverkar til oppfylling av kontrakten, har lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med denne bestemmelsen.

På område dekka av forskrift om allmenngjort tariffavtale skal lønns- og arbeidsvilkåra vera i samsvar med gjeldande forskrifter. På områder som ikkje er dekka av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal lønns- og arbeidsvilkår vera i hen hald til gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje.

Med lønns- og arbeidsvilkår meinast i denne samanheng bestemmelsar om

a) Arbeidstid
b) lønn, herunder overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg
c) dekning av utgifter til reis, kost og losji i den grad slike bestemmelsar følger av tariffavtalen.

Byggherren har rett til innsyn i dokumenter og rett til å foreta andre undersøkingar som gjer det mogleg for byggherren å gjennomføre naudsynt kontroll med at kravet til lønns- og arbeidsvilkår overhaldast. Leverandøren pliktar å ha tilsvarande kontraktsbestemmelsar i sine kontraktar med underleverandørar og skal gjennomføre naudsynt kontroll hos sine underleverandørar for å påsjå at plikta overhaldast. Aktuell dokumentasjon å innhente kan vera: kopi av arbeidsavtalar, lønnsslippar (kontoutskrifter for å sjå at lønnen faktisk er overført til arbeidstakarar), timeregistreringar og avtalar om kost og losji.

Byggherren vil sende ut eit eiget rapporteringsskjema for lønns- og arbeidsvilkår. Dette skjemaet skal hovudentreprenør samt alle underleverandørar fylle ut. Skjemaet skal returnerast byggherre for kontroll av lønns- og arbeidsvilkår. Dette skjemaet kan nyttast fleire gonger i prosjektet.

Dersom leverandøren motsett seg utlevering av dokumentasjon eller det avdekkast brot på klausulen om lønns- og arbeidsvilkår, har byggherren rett til å halde tilbake vederlaget etter kontrakten, inntil forholda er ordna i samsvar med forskriftas krav. Ved brot på klausulen, som ikkje rettast på tross av varsel frå byggherren, kan byggherren heve kontrakten.
Leiar av Entreprenørens verksemd er ansvarleg for at denne kontraktsbestemmelsen vert etterlevd.

Evaluering av kontraktarbeid:
Oppdragsgjevar vil evaluere kontraktarbeidet.

Forhold på byggeplassen:
Det må takast omsyn til at det kan vera barn i området. Arbeidsområdet skal gjerdast inn, og dette må til ei kvar tid fylgjast opp. Entreprenør skal nytta elektronisk mannskapsregistrering der byggherre skal ha tilgang for kontroll. Byggherre har positiv erfaring med å nytta Infotech sin byggekortlesar då denne kan leggast til i IT-Base/webhotell som byggherre nyttar som dokument og kvalitetssikringssystem i dette prosjektet.

7 KVALIFIKASJONSKRAV

7.1 Generelt

For å kunne få tilbodet sitt evaluert må leverandøren levere eigenerklæring om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor.

Den eller dei leverandørane som blir innstilt til kontraktsinngåing, må før kontrakt blir inngått dokumentere at dei oppfyller kvalifikasjonskrava i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrava.

7.2 Skatteattest

Krav	Dokumentasjonskrav
Norske leverandørar skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift.	• Skatteattest, ikkje eldre enn 6 md.

7.3 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal være registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	• Norske selskap: Firmaattest • Utanlandske selskap: Godtgjering på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

7.4 Leverandøren si økonomiske og finansielle stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til sikkerhetsstillelse vil vera tilstrekkeleg til å oppfylle kravet. • Leverandøren sin siste årleg omsetnad er minst 1,5 gangar tilbodssum. • Kredittverdig	• Kredittvurdering som baserer seg på siste kjente rekneskapstal. Ratingen skal være utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd, og årsrekneskap inkl. revisorerklæring for siste 3 år. • Dokumentasjon som viser at leverandørens siste årlege omsetning er minst 1,5 gangar totale tilbodssum. • Kredittvurdering som baserer seg på siste kjente rekneskapstal. Rating skal vera utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjon oppdragsgjevar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgjevar ser som eigna.

7.5 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå minst 3 samanliknbare oppdrag.	Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Skildring må inkludere oppdraget sin verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post.) Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han råder over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.
Leverandøren skal oppfylle krav i SAK-10 kap for å kunne erklære og inneha ansvarsrett for tiltaket (oppdraget). Prosjektet er klassifisert i tiltaksklasse 2 PRO/UTF for alle fag. (Det er ikkje lengre noko ordning for lokal godkjenning etter 01.01.16, i staden skal føretaka sende erklæring til kommunen om at dei påta seg ansvar i byggesaka. I SAK-10 § 9-1 framgår det at føretak som skal ha ansvarsrett skal ha gjennomføringsevne for oppgåver som er omfatta av ansvarsretten og oppfylle forskriftas krav til kvalitetssikringsrutinar og kvalifikasjonar.)	Leverandøren må sannsynleggjere at han oppfyller krav i SAK-10 for å kunne erklære og inneha ansvarsrett for tiltaket (oppdraget). Dokumentasjonsplikta kan oppfyllast på ulike måtar, men det er leverandøren sitt ansvar å legge fram nok dokumentasjon for å sannsynleggjera at ansvarsrettar vil verte etablert innan prosjektets oppstart. <u>Aktuell dokumentasjon kan vera ei eller fleire av desse dokumentgruppene:</u> • Sentralgodkjenning i aktuelle fag og tiltaksklassar. • Dokumentasjon som viser at lokal godkjenningar er oppnådd tidlegare i aktuelle roller for arbeider med same fag og tiltaksklassar. • Stadfesting frå byggesaksavdelinga om at dei vurderer at føretaket oppfyller krava som gjeld for dette tiltaket (oppdraget). • Eller: • Dokumentasjon frå føretaket om at føretaket har alle dei kvalifikasjonar og system som er naudsynte for å inneha ansvarsrett jfr. SAK-10. Dersom ein tilbydar sjølve ikkje oppfyller krav for å kunne ha ansvarsrett for alle fag og rollar som her er aktuelle, så må leverandør inngi tilbod saman med samarbeidspartnarar, for eksempel underleverandørar slik at dei saman har naudsynte fag. Det må då leverast ei **forpliktelseserklæring** i tilbodet, frå dei føretaka som tilbydaren vil kvalifisere seg saman med. Ei slik forpliktelseserklæring må innehalde stadfesting frå samarbeidspartnar om at han vil stille sin kompetanse og kapasitet til rådigheit for tilbydaren dersom tilbydaren vinn konkurransen. Erklæringa må være signert av samarbeidspartnar og leggast ved tilbodet.

7.6 Kvalitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Kvalitet Kvalitet og erfaring, evne til gjennomføring. Byggherrens erfaring med tilbydar i tidlegare prosjekter. Under dette kriteriet vert det også vurdert: • Oppdragsorganisasjon • Kvalitet på leveranse • Gjennomføringsplan	Gjennomføringsplan som skal innehalde informasjon/skildring av korleis entreprenør vil gjennomføra arbeida frå start til slutt. Produktblad/dokumentasjon på tilbydd tenester/ produkt. Skildring av kva materiale/kva teikningar og skildringar som entreprenøren skal levere i tilbodet. Organisasjonskart med namngjeve nøkkelpersonar ned til og med formannsnivå. Det skal leggjast ved opplysningar om utdanning og erfaring (CV).

8 TILDELINGSKRITERIUM

8.1 Overordna

Tildeling vil skje på bakgrunn av kva tilbod som har beste pris.

Tildelingskriteria:	Vekt:	Dokumentasjon:
Pris/kostnad	90%	Ferdig utfylt prisskjema. Inkl. verknad av timeprisar og påslagsprosentar.
Kvalitet Under dette kriteriet vurderes: • ***Klima og miljø***	10%	Redegjørelse for hvordan oppdraget skal hensynta klima og miljø, og vise til konkrete tiltak for å sikre dette i prosjektet. Tilbyder må orientere om hvordan masser skal håndteres internt i området og hvordan eksterne masser skal tilføres prosjektet. Det må også redegjøres for hvor, masser og asfalt leveres fra. Tilbyder vurderes ut ifra transportavstand/ transportmåte for masser og materiell. (Bil/båtkapasitetsutnyttelse etc.)

8.2 Nærare om kriteria pris og prosjektorganisasjon

Prisar skal oppgjevast i samsvar med prisskjema og vedlagt mengdelister. Ved avvik mellom enhetspris og sum i mengdelister vert enhetspris gjort gjeldande. Poster som er prisa med null i pris vert antatt som at dei er kalkulert inn i andre poster. I evalueringa av pris vil det bli tatt omsyn til følgande element:

- Tilbodspris korrigert for ev. reknefeil.

- Priskonsekvens for einingsprisar og timeprisar for eventuelle rekningsarbeider er inkludert i tilbodspris basert på innlagte mengder i mengdebeskrivelsen.

I evalueringa av pris vil poeng bli berekna på følgjande måte:

$$\frac{Lågast\ tilbydde\ pris}{Pris\ tilbyder\ X} * 10 * 9 = Poengsum$$

Totalt vil det vera mogleg å oppnå 90 prispoeng. Det tas med tilstrekkelig mengde desimalar til å skilje mellom tilbydarane.

I evalueringen av kvalitet (klima og miljø) vil det bli gjort en samlet vurdering, hvor beste tilbyder vil få 10 poeng og de øvrige tilbydere vil få forholdsmessig fratrekk i forhold til dette.

9 VEDERLAG

9.1 Valuta

Alle prisar og ratar skal vera oppgitt i norske kroner (NOK).

9.2 Meirverdiavgift

Alle prisar og ratar skal vera oppgitt eksklusiv meirverdiavgift.

9.3 Gjennomføring av prosjektet

Det tas atterhald om at gjennomføring av prosjektet, inkl. opsjonar, er avhengig av att byggjeløyve vert gitt samt politisk godkjenning og bevilgning.

9.4 Pris

Oppdragsgjevar oppfordrar tilbydar å legge særleg vekt på å fylle ut prisskjema i dette dokumentet samvitsfullt og komplett, slik at alle postar i tabellane nedanfor, anten sumprisar eller timeprisar, er prissett i tilbodet.

Dersom postar ikkje er prisa, kan det oppstå tvil om korleis tilbodet skal evaluerast, noko som igjen kan føra til at tilbodet må avvisast. Det vert i den samanheng vist til relevante føresegner i lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

9.5 Prisskjema

I tabellen under skal prisar for komplett leveranse vera oppgitt:

Del nr.	Skildring	Pris i NOK eks. mva.
1.	Rigg og drift	
2.	Grunnarbeider	
3.	Rørleggerarbeider	
4.	Elektroarbeider	
5.	Betongarbeider	
6.	Gartnerarbeider	
7.	Veiarbeider	
8.	Regningsarbeider	
	SUM PROSJEKTKOSTNADER Overførast til samletabell.	

9.6 Timeprisar for eventuelle tilleggsarbeid, mannskap og maskiner

For evalueringa sin del vert alle tilbydarane gitt eit tillegg for eit teoretisk tenkt timetal for tilleggsarbeid. Timetalet er stipulert til 90 timar for utførande, og vert multiplisert med snitt timeprisar som tilbydar skal fylle ut i tabellane under. Denne summen vert lagt til totalsummen, slik at den vert ein del av evaluering av pris.
Dei timeprisar tilbydar oppgjeve i tabellane under skal nyttast ved oppgjer for evt. tilleggsarbeid i gjennomføringa av prosjektet. Tilbydde timeprisar skal fyllast inn i tabellane nedanfor, snittpris skal overførast til samletabell.

Tilbydde timeprisar for utførande:

Mannskap		Timepris	Antall timeverk	Sum
1.	Formann		30	
2.	Fagarbeidar		30	
3.	Røyrleggjar		30	

Mannskap		Timepris	Antall timeverk	Sum
4.	Lærling		20	
	SUM			

Tilbydde timeprisar for maskiner <u>med</u> førar:

Maskiner		Timepris i NOK eks. mva	Antall timeverk	Sum
	Skildring			
5.	Gravemaskin < 8 t		30	
6.	Gravemaskin 20 t		30	
7.	Gravemaskin 25 t		30	
8.	Lastebil		20	
9.	Kranbil 20t/m		10	
	Sum			

Samletabell timeprisar:

Sum tilleggsarbeid	Sum
Maskiner	
Mannskap	
Sum, overførast samletabell prosjektkostnader pkt. 9.8	

9.7 Påslag materialprisar

Oppgitt påslagsprosent skal nyttast for oppgjer ved evt. tilleggsarbeid i gjennomføringa av prosjektet.

For eventuelle tilleggsarbeid vert det rekna **10 %** påslag på varer ut frå underbilag/fakturakopi frå leverandørar.

9.8 Samletabell prosjektkostnader

I tabellen under oppgis prisar for komplett leveranse for heile entreprisen Denne summen vil leggast til grunn for evaluering av tilboda.

Post nr.	Skildring	Pris i NOK eks. mva.
1.	Prosjektkostnader, ref. pkt. 9.5	
2.	Tilleggsarbeid, timeverk, ref. pkt. 9.6	
	SUM PROSJEKTKOSTNAD	

9.9 Løns- og prisstiging

Kontraktsummen vert ikkje prisregulert.

9.10 Tilbydar si underskrift og stempel

Tilbydar stadfestar sitt tilbod ved underskrift og stempel under:

Stad: _____

Dato: _____

Underskrift og stempel: _____